


Mobilitetsstrategi

Del av samfunnsdelen

Kommuneplan for Klepp 2022-2033

30.03.2021



© John Th. Jørgensen/ONO

Med blick for alle

Innhold

Visjon.....	3
Verdiar.....	3
Korleis skal mobilitetsstrategien brukast?	4
Mobilitet i det kommunale plansystemet.....	4
Visste du at?	5
Status.....	5
Regionale føringar	5
Regional politikk (Regionalplan Jæren).....	5
Innsatsområde	6
Framkommelighet for alle.....	6
Redusert transportbehov.....	6
Aktiv transport	7



Visjon

I Klepp har vi visjonen «Eit blick for alle». I denne samanheng kan vi lesa visjonen som «God og enkel mobilitet for alle».

Verdiar

Det er vedteke eit verdisett i kommunen. Ein av desse verdiane er «Me bryr oss». Denne verdien inneheld tankar om omsorg for medmenneske, men også for miljøet. Mobilitet inneheld også eit miljøaspekt.

Eit av hovudmåla i kommuneplanen, basert på bærekraftmål nr 11 er:

I Klepp har me inkluderande, trygge og miljøvenlege lokalsamfunn.

Ei av dei definerte hovudutfordringane knytt til dette målet er:

Fremja trygg og god mobilitet for alle

Mobilitetsstrategien handlar om kva for overordna grep kommunen kan ta for å løysa utfordringa.

For dei fleste menneske er det viktig med enkel framkommelighet til daglege gjeremål (heim, skule, arbeid, institusjon, handel og fritidsaktivitetar). Her vil transportforma spele ei avgjerande rolle. Det at ein sjølv kan bestemma kor og korleis ein kan reisa vil for mange opplevast som ein livskvalitet i seg sjølv.

I begrepet mobilitet setter ein mennesket, ikkje sjølv trafikken, som det sentrale i transportnettet. Begrepet mobilitet setter fokus på at vi kan bruke forskjellige transportformer alt etter ærend og behov. Derfor blir også begrepet mobilist brukt, ikkje bare bilist eller syklist, men mobilist som bruker dei transportmiddelval alt etter turens målpunkt, lengde og ærend – det mobilitetssmarte valet.

Det skal vere enkelt og logisk å bevege seg rundt, og det skal om nødvendig vere enkelt å skifta frå det eine transportmiddelet til det andre, slik at kommunens transportsystem kan sjåast på som ei eining. Mobilitetsstrategien er derfor ein strategi for alle trafikantar.

«Fremja trygg og god mobilitet for alle» inneber ikkje at alle innbyggjarane i kommunen skal ha det same tilbodet. Eit slikt formulert mål kan lett skapa urealistiske forventningar i befolkninga.

I delar av Klepp er privatbilen det enklaste, og kanskje einaste reelle, transportalternativet. Mange stader er det også urealistisk å tru at kollektive løysingar vil bli gode, alternative løysingar. Vi må difor leggje til rette for at privatbilen også i framtida vil vere viktig i innbyggjarane sin mobilitet. Tilsvarande kan det vere for personar med nedsett funksjonsnivå. Også desse skal ha gode mobilitetstilbod, sjølv om dei ikkje kan nytta dei same transportformene

Likevel kan vi gjennom vår planlegging leggja til rette for at innbyggjarane har alternative og meir miljøvenleg val i sin mobilitet.

Korleis skal mobilitetsstrategien brukast?

- Gje føringar for kommunedel- og temaplanar der transport inngår som element
- Gje føringar for reguleringsplanar
- Gje føringar for generelle mobilitetstiltak i kommunal eller privat regi


Mobilitet i det kommunale plansystemet

Plan for fysisk aktivitet – denne kommunedelplanen har tittelen «I Klepp sykklar og går me!». Mobilitet har også ei helse- og rekreasjonsside. Ved å tilretteleggje for god mobilitet, kan ein samtidig fremme folkehelsa.

Klima- og miljøplanen – har eige kapittel om transport og tettstadutvikling. I dette kapittelet er det vedteke to mål:

- Me vil ha høg andel reiser med sykling, gange og kollektivtransport
- Me vil ha gode bumiljø i tettstadane der det er lett å gjennomføre gjeremål utan bil

Desse måla peiker på klima- og miljødimensjonen innan mobilitetsplanlegginga. I grøn mobilitetsplanlegging er det vanleg å ta utgangspunkt i transportpyramiden, som viser kva transportform som bør prioriterast i planlegginga.



Trafikksikkerhetsplan – Skal definera mål for trygg og sikker ferdsel for alle typar mobilistar og innehalda ei tiltaksliste for å nå dette målet i planperioden

Overordna mobilitetsplan – skal vise tilstanden på alle kommunale mobilitetsflater og korleis desse skal driftast for å oppnå best mogleg økonomi og kvalitet over tid slik at ein opprettheld mobiliteten. Planen skal og identifisera aktuelle nyinvesteringar i planperioden og føreslå finansiering og prioritering av desse. Planen skal også sei noko om korleis veg og samferdselsarbeidet i Klepp skal forhalda seg til regionale og nasjonale mål og retningslinjer. Den overordna mobilitetsplanen skal følgje opp mobilitetsstrategien gjennom konkrete tiltak.

Parkeringsstrategi – er også del av det å leggja til rette for god mobilitet. Strategien har som mål:

- Me vil at sentrumsområda skal utviklast med prioritet for fotgjengarar og syklistar
- Me vil at det skal vera enkelt å vere utan eigen bil
- Me vil at deler av overflateparkeringa i Kleppe sentrum skal frigjerast til andre formål
- Me vil at besøkande til Kleppe skal ha et godt parkeringstilbod rimeleg nær målpunktet

Desse planane viser at kommunen alt arbeider godt med mobilitet. Denne strategien tar sikte på å gi overordna føringar for desse og andre planar innan mobilitet. Strategien blir innarbeidd i kommuneplanens samfunnsdel.

Visste du at?

- 81 % av innbyggjarane i Klepp bur i tettstad
- Det er 555 personbilar pr 1000 innbyggjar i Klepp (520 på landsbasis) (2018)
- 6,5% av personbilane i Klepp er el-bilar (7,1% i landet) (2018)
- Der er 1,93 m gang-/sykkelveg pr innbyggjar i Klepp (1,13 i landet) (2018)

Status

I Klepp manglar ei lokal undersøking om innbyggjarane sine reisevanar. Det finst ei regional undersøking som kan brukast, men det er grunn til å tru at innbyggjarane i Klepp har vesentleg forskjellige reisevanar enn innbyggjarane i byane.

Vi har god oversikt over lengde veg og kvaliteten på denne. Vi har også god oversikt over lengde på gang- og sykkelvegar, men manglar ei oversikt over hovudstamveger, sidevegar og mindre forgreiningar.

Vi har nokre sentrale mobilitetspunkt (der ulike transportformer møte) – kjenner vi nok til kor saumlaus overgangen frå det eine transportmidalet til det andre er?

Vi har gode barnetråkkregistreringar, så vi kjenner til kor barn ferdast til fots og sykkel. Kjenner vi tilsvarande til for den vaksne befolkninga (folketråkk)? I aldersvenlege samfunn-prosjektet skal det gjennomførast eit seniortråkk.

Regionale føringar

Regional politikk (Regionalplan Jæren)

Klepp er ein del av regionen, og har stor ut- og innpendling dagleg. Mobiliteten i Klepp må derfor setjast i samanheng med transporttilbodet i nabokommunane.

«Regionen skal ha ein berekraftig by- og stedsutvikling basert på regionale heilskapsløysingar som effektiviserer arealforbruket og transportarbeidet, styrker verdiskapinga, reduserer klimagassutsleppa, sikrar natur- og kulturverdiar og gir høg livskvalitet (Hovudmål for by- og stedsutvikling i Regionalplan Jæren).

Sjå detaljert:

https://www.rogfk.no/f/p1/iad3e35a7-8b66-466d-9c4d-9c7842910d47/rp_jaren_vedtatt-120619.pdf

Innsatsområde

Framkommelighet for alle

Framkommelighet for alle er eit naturleg krav å stilla. Samtidig er det svært komplekst å løysa. Framkommelighet og transport er ikkje knyta til eitt transportmiddel, men handlar om å gi moglegheit for den enkelte å ta seg trygt og effektivt fram.

Framover ønskjer vi å setja i gang tiltak som kan sikra kvaliteten i dei enkelte transportformene i eit samspel. Det skal vere hurtig og enkelt å koma seg rundt i kommunen.

SLIK VIL ME HA DET:

- I Klepp har me gode alternative transportmåtar for alle
- I Klepp har me god standard på bilvegane
- I Klepp har me gang- og sykkelvegane som er sikre slik at dei kan brukast heile døgnet og året rundt

SLIK GJER ME DET:

- I Klepp legg me til rette for trygge og gode forhold for gåande og syklande, samtidig som me og ivaretek og legg til rette for god, sikker og effektiv trafikk-avvikling for andre trafikanter.
- Prioriterer dei gåande og syklande i planlegginga
- Reviderer barnetråkk jamleg
- Etablerer stiar i friområde
- Held høg standard på gang- og sykkelvegane
- Leiger ut sykklar ved knutepunkt
- Etablerer trygge og logiske sykkelruter mellom tettstadene
- Aktivt bruk av gatetun
- Oppdaterer trafiksikkerhetsplanen jamleg
- Driv haldningsskapande arbeid kring elevkøyring til skule og fritidsordningar
- Utgreier mobilitet i stedsanalyser ved oppstart av reguleringsplanarbeid, inkludert vurdering av snarveier

Redusert transportbehov

Lokalsamfunn med korte avstandar mellom bustad og daglege gjeremål gir låg bilbruk. Slike lokalsamfunn har i størst mogleg grad kort avstand til dei funksjonane som finnest lokalt, for dei fleste innbyggjarane. For å oppnå dette må ein tenke på lokalisering og organisering av ulikeaktivitetar, funksjonar og bustader.

God tettstadutvikling betyr at innbyggjarane får eit redusert transportbehov. Rett lokalisering av bustader, arbeidsplassar og ulike tilbod innan arbeid og fritid gjer at innbyggjarane kan ta dei sunne og miljørette vala.

Redusert transportbehov vil også handla om å kunne gjere ulike gjeremål på nye måtar. Den digitale utviklinga gjer det mogleg å løysa fleire gjeremål, utan å måtte oppsøkje eit kontor eller etat. Må ein reisa med bil, men ikkje ofte, kan bildelingsordningar vere ei god løysing, både økonomisk og miljømessig.

SLIK VIL ME HA DET:

- I Klepp har me inkluderande, trygge og miljøvenlege lokalsamfunn (kommunemål)
- I Klepp har me gode bustadtilbod sentrumsnært
- I Klepp har me mobilitet i fokus i arealplanlegginga
- I Klepp har me digitale sjølvbeteningsløysingar

SLIK GJER ME DET:

- Prioriterer grøn mobilitet
- Lokaliserer bustadene sentrumsnært eller nær kollektivakse
- Innfører prinsippet om 10-minuttersbyen i arealplanlegginga
- Utarbeider fortettingsstrategi i utvalde område
- Arbeider for å kunne tilby sentrumsnære bustader for alle innbyggjargrupper (jf. bustadstrategi)
- Lokaliserer handels- og servicetilbod der folk bur
- Er positive til bildelingsordningar
- Prioriterer løysingar som legg til rette for at innbyggjarane i stor grad kan betene seg sjølv

Aktiv transport

Kommunen må tilretteleggja slik at innbyggjarane kan velja å sykla eller gå. For å oppnå dette må sykkel og gange vere attraktivt nok til at det faktisk blir valt som transportform. Dette kan gjerast ved at aktiv transport blir opplevd som trygt og hyggeleg, og at det blir etablert effektive forbindelsar, både innan og mellom, ulike lokalsamfunn. Sentrale verkemiddel for å realisera aktiv transport handlar om utforming av gater og vegar, og set avgrensingar for bilbruken. Ein viktig tilleggseffekt av aktiv transport er betre folkehelse gjennom auka fysisk aktivitet.

SLIK VIL ME HA DET

- I Klepp prioriterer me dei gåande og syklande
- I Klepp gjer me det lett å velja gange og sykkel framfor bil
- I Klepp skapar med gode og varige vanar for kvardagsaktivitet

SLIK GJER ME DET

- Reviderer barnetråkk jamleg
- Vurderer utarbeiding av seniortråkk
- Har god standard på gang- og sykkelvegar
- Sikrar god sykkelparkering
- Driv haldningskampanjar (eks «Sykle til jobben», «Hjertesone»)

- Definerer overordna skulevegar, gjer desse så framkomelege som mogleg og informerer aktivt om bruk av desse hovudaksane inn til skular og barnehagar
- Arbeider med trafiksikkerhet